

Helse og omsorgsdepartementet  
Postboks 8011 Dep  
0030 Oslo

[postmottak@hod.dep.no](mailto:postmottak@hod.dep.no)

Sogndal 21.9.2012

### **Høyrings svar – Forslag til ny regulering av markedsføring rettet mot barn og unge av usunn mat og drikke**

Vi viser til høyringsbrev av 7. juni 2012 om ny regulering av markedsføring av energitette, salte og næringsfattige produkt retta mot barn og unge.

Lerum er ei tradisjonsrik familie-eigd næringsmiddelverksemd med over 100 års historie, lokalisert i «Saftbygda» Sogndal i Sogn og Fjordane. Lerum er ei hjørnesteinsbedrift i lokalsamfunnet, har 130 tilsette og hadde i 2011 ein omsetnad på 450mNOK. Hovudprodukta våre er saft, syltetøy og jus. Produkta er tufta på eit høgt innhald av frukt og bær, og det er ei målsetjing for Lerum å legge til rette for auka produksjon av frukt og bær i Norge. Bygda vår, Sogndal, vert som sagt kalla «Saftbygda», oppkalla etter det mest kjende produktet i kommunen. I forslaget til ny forskrift er nettopp saft lista opp i Vedlegget over produkt som vert omfatta av markedsføringsforbodet mot barn og unge. Grunngevinga til at saft er lista opp i Vedlegget er at saft av frukt og bær er omfatta av forskrift om særavgift (Forskrift 11. desember 2001 nr 1451 om særavgifter). Saft vart så seint som i 2007 omfatta av denne særavgifta, som inntil då i hovudsak var ei særavgift på brus og leskedrikk. Lerum har ved fleire høve påpeika at å avgiftslegge saft av ekte frukt og bær og leskedrikk/brus likt, er noko vi meiner er urimeleg. Vi meiner difor at å inkludere saft i Vedlegget på bakgrunn av denne særavgifta er ei lettvinnt løysning utan fagleg grunngeving for val av matvarer som omfattast av ny forskrift.

I forslaget til ny forskrift seier § 4 om Markedsføringsforbud følgjande: *Markedsføring rettet mot barn og unge av energitette, salte og næringsfattige næringsmidler, er forbudt. Disse næringsmidlene er definert i Vedlegget.*

Vi meiner at saft er verken energitett, salt eller næringsfattig, og at saft ikkje er blant dei mest usunne matvarene som denne forskrifta vi forstår er meint å treffe. Vi er samde i at det er viktig å ikkje berre fokusere på energiinnhald når ein skal vurdere om ei matvare er sunn eller ikkje, men vel så viktig er det å fokusere på næringsinnhaldet. Vidare meiner vi at det er viktig å ikkje fokusere einsidig på isolerte komponentar i produkta, men vurdere innhald av heile produktet. Saft av frukt og bær inneheld både fiber, vitaminer, mineraler og polyfenoler, altså ei rekkje positive komponentar

næringsmessig. Det er eit mål frå myndighetene å auke inntaket av frukt og grønt samtidig som det er eit mål å redusere inntak av tilsett sukker. Forbruket av sukker har gått ned dei siste 10 åra, og i følgje Norkost 3 er inntaket av tilsett sukker i dag på 7% av energiinntaket.

På side 55 i høringsnotatet av 7.6.2012 er det opplyst om at det ved bestemming av grenseverdi for energitette matvarer er teke utgangspunkt i følgjande definisjon: 950 - 1150 kJ (225 - 275 kcal) pr 100 g. Når det gjelder 100 g drikkeferdig saft frå Lerum ligg den mellom 28 - 190 kJ (7 - 44 kcal), noko vi vurderer å vere vesentleg mindre enn det som fell inn under definisjonen for energitett. Vi meiner difor at det ikkje er godt nok grunnlag til å seie at sidan saft er omfatta av forskrift om særavgift så vert den også omfatta av forslaget til forskrift som regulerer marknadsføring mot barn og unge. Vi forstår det slik at formålet med den nye forskrifta er å forby marknadsføring av dei mest usunne matvarene til barn. Vi meiner at det ikkje er godt nok grunnlag å inkludere saft som dei opplagte mest usunne produkta som både er energitette, salte og næringsfattige.

Saft er regulert i Forskrift 10. desember 1971 nr 01 om vegetabiliske konserver. Saft er definert i § 11 i denne forskrifta på følgjande måte: «*Saft er i disse forskrifter råsaft som kan være tilsatt sukker, men ikke vann. Råsaftinnholdet i saft må være minst 50 g i 100 g, for eplesaft minst 85 g i 100 g.*» Råsaftinnholdet i Lerums saft varierer mellom 50 og 97%.

Saft frå frukt og bær inneheld viktige vitaminer og mineraler, og innhaldet vil variere mellom dei ulike frukt og bærslaga. Dette gjeld spesielt vitamin C, men også andre viktige vitaminer som for eksempel vitamin A og vitamin B, kalsium, jern og kostfiber. I tillegg inneheld saft viktige polyfenoler som er nødvendig for ei rekkje viktige funksjonar i kroppen. Til dømes er innhaldet av antioksidantar i Lerums blåbærssaft mål til 4,6 mmol pr 100 g (FRAP analyse utført ved Nofima), noko som er høgt i forhold til andre matvarer. Saft vil vere eit sunnare alternativ enn andre drikkealternativ som ikkje inneheld næringsstoff i det heile. Saft er eit tradisjonsrikt produkt som er ein naturleg del av det varierte norske kosthaldet. Det er viktig for Lerum å tilby produkt som gjer at forbrukarane har moglegheit til å gjere sunnare val i kvardagen og ha eit positivt kosthold.

Lerum er samd i at eit sunt og variert kosthald er viktig for barn og unge si helse og trivsel, og støttar målsetninga om å førebyggje og redusere overvekt i befolkninga. Lerum har investert betydeleg i FoU dei siste åra for å utvikle sunnare produkt. Det ynskjer vi å halde fram med. Om forskrifta vert vedteken, eller saft vert omfatta av forskrifta, tolkar vi den nye forskrifta dit hen at Lerum i praksis ikkje kan marknadsføre saft, (jf § 5 pkt a) og e). Saft er eit produkt som vert drukke i alle aldersgrupper. Lerum har svært lite marknadsføring direkte mot barn, men vi ser det slik at produktet og marknadsføringsaktivitetane som vi har mot vaksne vil vere av interesse/appellere til barn under 18 år. Det er vanskeleg å drive innovasjonar og komme med nye sunnare saftprodukt om vi ikkje kan marknadsføre safta og gjere produkta kjent for forbrukarane. Marknadsføring er eit viktig verktøy for å betre konkurransevne og evne til nyskaping. Konsekvensen av tapt marknadsføringsaktivitet vil høgst truleg medføre at Lerum sitt viktigaste produkt, saft, vil tape i konkurransen med andre meir usunne drikkealternativ. Nedgang i sal og moglegheit for å komme med nye innovasjonar vil nødvendigvis til slutt gå utover omsetnaden og talet distriktsarbeidsplassar.

§ 5 c), g) og h) er ikkje aktuelle for Lerum i den marknadsføringsaktiviteten som vi praktiserer.

Lerum sponsar i dag saft til idrettsarrangement og diverse kulturarrangement rundt om i Sogn og Fjordane og til einskilde arrangement rundt om i Noreg. Sogndal Fotball er flaggskipet i sponsinga

vår. I avtalen med Sogndal Fotball inngår støtte til ei av Noregs største fotballturneringar for 11-14 åringar. Vi tolkar forslaget til ny forskrift slik at vi ikkje lenger vil ha høve til å sponse eller profilere saft på slike arrangement jf § 5 pkt b), d), f), i) og j). Gjennom sponing legg Lerum til rette for at barn og unge kan drive fysisk aktivitet. Fysisk aktivitet er også viktig for å oppnå Regjeringa si målsetting om å redusere overvekt i befolkninga. Vi meiner at forbodet mot å sponse idrettsarrangement med saft må vere ein utilsikta konsekvens av formålet med ny forskrift, og at forskrifta difor ikkje kan vedtakast inkludert saft. Vi meiner at saft er eit godt alternativ for tilførsel av væske og energi til aktive barn og unge til samanlikning med andre alternativ som brus, sports- og energidrikkar.

Marknadsføring retta mot barn er allereie regulert gjennom nasjonal lovgiving, og det er etablert frivillige retningslinjer for marknadsføring av mat og drikke retta mot barn og unge. Lerum opptre ansvarleg i forhold til dette. Lerum meiner det kan stillast spørsmål ved om det er behov for ytterlegare nasjonal regulering på dette feltet. Lerum er villig til å bidra i eit eventuelt arbeid med å utarbeide eit endå betre system for sjølvregulering enn det som eksisterer i dag.

Oppsummering:

Vi meiner at saft ikkje er energitett, salt eller næringsfattig, altså ikkje blant dei mest usunne produkta som denne forskrifta er meint å treffe. I forslaget til ny forskrift er saft inkludert i Vedlegget fordi det er knytt ei særavgift til produktet i ei anna forskrift. Lerum meiner at det ikkje er grunnlag for å inkludere saft i Vedlegget på dette grunnlaget.

Lerum meiner at sjølvregulering er eit betre verkemiddel enn reguleringar i forskrift, og er villig til å delta i eit eventuelt arbeid med å vurdere dei allereie eksisterande sjølvreguleringsreglane, etablere ei form for kontroll og vurdere sanksjonar.

Lerum meiner det er behov for presisering av kva formuleringane i forslaget til ny forskrift eigentleg inneberer og ein gjennomgang av konsekvensar og belastningar forskrifta medfører for til dømes næringsmiddelverksemdar som Lerum som er en viktig del av næringslivet i landet. Lerum meiner det er behov for ei ny vurdering av forskrifta slik at den ikkje får utilsikta konsekvensar.

På førehand takk for at våre merknader blir teke omsyn til.

Med vennleg helsing  
Lerum Fabrikker AS

  
Trine Lerum Hjellhaug  
Adm. direktør